

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 19.05.16
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Haldis Økland Lier

SAKA GJELD: Avvik IKT

ARKIVSAK:
STYRESAK: 030/16

STYREMØTE: 26.05.16

Administrerende direktør si orientering pkt. 4

Avvik knytt til brev:

Systemforvaltar for DIPS i Helse Vest IKT meldte 22. januar 2016 frå til Helse Fonna om alvorleg systemsvikt. Årsaka var feil i det tekniske oppsettet i journalsystemet for nokre typar brev til Helse Fonna HF og manglande etterkontroll av oppsettet i Helse Vest IKT. Feilen blei oppdaga og retta 15. januar 2016. Føretaket blei varsla 22. januar 2016.

Helse Fonna varsla fylkeslegen i Hordaland om hendinga i e-post 29. januar 2016. Ei oppsummering av hendinga blei sendt fylkeslegen i Hordaland 2. mai 2016.

543 brev til Helse Fonna HF vart ikkje sendt på papir i perioden mars 2015 til januar 2016. Helse Fonna har gått gjennom alle dokumenta. 98 dokument var ved gjennomgang mottatt i Helse Fonna. 11. februar 2016 var ein ferdig med gjennomgang av resterande dokument.

Det er meldt tre avvik:

- Epikrise som inneheld tilvising til augeavdeling: pasient fekk forseinka behandling. Dette blei vurdert til ikkje å ha konsekvens for prognose. Dette er vurdert av spesialist i augesjukdommar
- Epikrise som inneheld tilvising til urologi. Denne er vurdert og pasienten har fått time.
- Ei epikrise blei gått gjennom utan at det blei oppdaga at epikrisa var ei tilvising. Pasienten purra sjølv. Epikrise var mottatt 24.12.15, det blei bedt om oppfølging innan

8 veker, pasienten purra sjølv 25.2.16. Pasienten var til time 02.03.16. Dette er vurdert til ikkje å ha medisinsk konsekvens for pasienten.

Helse Fonna HF har hatt dialog med Helse Vest IKT om denne feilen. Helse Vest IKT har informert om at årsaka var feil i det tekniske oppsettet i journalsystemet og manglande etterkontroll av oppsettet. Feilen var vanskeleg å oppdage fordi det fungerte for dei andre helseføretaka. Helse Fonna er informert om at Helse Vest IKT har innført dobbel kontroll med desse kritiske parametrane, og etablert betre kontrollrutinar.

Systemsvikt felles EPJ:

Helse Fonna avdekka 15. april 2016 mulig systemsvikt i Felles EPJ (DIPS) knytt til filtrering av tentative diagnosar i ventelister.

Helse Fonna varsla fylkeslegen i Hordaland om denne saka i e-post 2. mai 2016

Som årsak til dette har Helse Fonna fått opplyst frå DIPS ASA at ein ved oppdatering av diagnosekodeverk ved årsskifte er same diagnose oppretta med ny kodeID.

Dette har gitt auka risiko for at pasientar ikkje blir synlege på ventelistene, om ein filtrerer på «tentativ diagnose»

Helse Fonna er kjent med at nokre pasientar ved Nevrologisk seksjon har fått lengre ventetid som følgje av dette, men det er ikkje meldt alvorlege konsekvensar for pasientane.

Helse Fonna har tidlegare åtvara ventelisteansvarlege mot å filtrere ventelistene. Når Helse Fonna no har undersøkt arbeidsrutinar ved ulike poliklinikkar får ein inntrykk av at filtrering av «tentativ diagnose» er lite i bruk.

EPJ senteret sendte 20.04.16 ut informasjon til ventelisteansvarlege i alle klinikkar i Helse Fonna om hendinga. Det blei bedt om at ventelistene blei gått gjennom.

Helse Vest/Helse Vest IKT har meldt saka, i tråd med gjeldande praksis for slik svikt i EPJ, til DIPS ASA, dei andre regionane, Nasjonal IKT HF og HOD. Feilen er dermed retta opp av alle regionar/helseføretak som nyttar DIPS PAS/EPJ.